

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ronny Mehus Rugland	K1-223	26/676

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/26	Fondsstyret Ulla-Førre næringsfond	DK	

Søknad om oppstartstilskot i frå Ulla Førre næringsfond - Kløvtun

Kommunedirektøren har vurdert søknaden og gjort slikt vedtak:

Kløvtun AS (org. nr. 937 359 330) vert gitt oppstartstilskot på kr 50.000,-. Støtta ver utbetalt etter innleverte kvitteringar for utlegg.Arbeidsfrist 31.12.2026

Sand, 27.08.2026

Fakta

Frå søknaden

Kløvtun er eit bruk med to mindre hus i villmarksstil, der eine huset er innreda som studio med 3 soverom, bad og eit lite hybelkjøkken. Studio vil kunne leigas ut gjennom heile året, men det vil også tilbys residensprogram på spesifikke datoer gjennom året. Det vil vere 6 residensar i året, med varighet på min. ei veke, der artisten spelar ein konsert lokalt i Suldal på slutten av arbeidsopphaldet. Residensprogrammet har fokus på samarbeid med andre lokale aktørar innan kultur og reiseliv

Kostnadsplan			
Tittel	2026	2027	SUM
01. Inventar, materiale og utstyr	86 001		86 001
02. Egenandel næringshageprogram 2026	6 250		6 250
03. Oppstart AS Brønnøysundregistrene	6 825		6 825
Sum kostnad	99 076		99 076

Firmaet blei registrert i 2026. Søker har nyleg flytta til Suldal kommune.

Lover, føresegner, rundskriv

Vedtekter for fondet

Økonomiske konsekvensar

Det er avsett kr 3 millionar til tilskot og lån

Vurdering og konklusjon

Fondet kan gje støtte til oppstart. Firmaet blei registrert i 2026. Forretningsideen kan bli eit bra supplement til anna reiseliv i kommunen.